

Uskedelingar i sparebank-stiftinga

13.05.2011

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad heldt val på tre medlemmer til generalforsamlinga på Husnes torsdag kveld. Stiftinga vart etablert etter at Kvinnherad Sparebank vart kjøpt opp av SpareBank 1 SR-Bank i fjor, og har som føremål å forvalta kapitalen, som gjennom årtider er bygt opp – hovudsakleg i Kvinnherad.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad sine styrande organ er generalforsamlinga (forstandarskap tidlegare) og styret. I generalforsamlinga sit 18 medlemmer, kor av kommunestyret vel tre og innskytarane 15, alle med varamenn. No stod det om tre plassar.

Bjørn Terje Eikeland, Sandvoll (attval), Kristian Hus, Husnes (ny) og Terje Eikemo, Utåker (attval) fekk flest røyster, og blir såleis faste medlemmer av generalforsamlinga i fire år.

Oddvar Eikenes, Husnes, Mona Iren Eikemo Røstbø, Sunde og Kjell Yri frå Uskedalen vart dei tre første varamennene.

Etter valet er Leohnard Eik og Magnhild Haugland frå Uskedalen blant innskytarane sine 15 representantar i generalforsamlinga. Eik er leiar.

Bjarne Lilleas er ein av dei kommunevalde.

Den nye generalforsamlinga skal ha sittførste møte onsdag 15. juni for blant anna å velja styre. Svein Arne Eidsvik, Uskedalen, er leiar no..

Den lokale stiftinga sit i dag med den nest største posten av eigarkapitalbevis i SpareBank 1 SR-Bank, og hovudinntektskjelda for stiftinga er utbyte. Samla kapital ved etableringa av stiftinga var 350 millionar kroner.

Det er sagt at stiftinga skal "...vidareføra sparebank-tradisjonane og løysa utpositiv aktivitet i lokalsamfunna gjennom tildeling av overskotsmidlar til ålmennytige føremål".

HusnesNett